



Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 7.juni 2017 kl. 18.00

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Rune Lia (fungerande).

Kommunens representant Tore Åsland var informert, men ikkje kalla inn denne gongen.

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

2.vara: Astrid Grave Aase

3.vara: Jan Rune Bjørnson

Kyrkjeverge Kristen Salmelid

Forfall:

Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt og 2.vara: Astrid Grave Aase

Servering ved Marit Gotuholt

Ungdomsprest Petter Jakobsen deltok frå ca kl 19.30 til 20.30, invitert til sak 43/17.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen, prost Asgeir Sæle og påtroppande sokneprest Møyfrid Lunde.)

Sak 37/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>Vedtak: forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	
Sak 38/17	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 26.04.2017	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå soknerådsmøtet 26.04.2017 sendt ut på mail 05.05.2017, vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
Sak 39/17	Post og meldingar	
	<p>1. Vårdugnadane:</p> <p>a. Vrådal ved Hanne Roholdt melder om god deltaking: 18 personar møtte. Straumsnes skule ved Birger Skipar ryddar og steller på den gamle kyrkjegarden på Roholdt.</p>	

- b. Hans Kristian Aabø meldte om 8 på Kviteseid gamle kyrkjegard (2 året før), og kom med konkrete forslag til forbedringar/endingar av vedlikehald, mellom anna kratt langs steingardane.
 - c. Frå Kviteseid meldte Marit Gotuholt om moderat til god deltaking med 13-14 som møtte. Dei fekk gjort ferdig delen på øvre sida av vegen.
 - d. Frå Brunkeberg meldte Reidun Ø Fisketjønn og Inger Lise Berge om veldig god deltaking og god stemning tross regnvêr. Over 20 personar møtte.
 - e. I Fjågesund møtte 14 stk. meldte Gunn Karin Eikåsen. Det er mykje frå så lita bygd. I 2018 må me hugse på Kilen i annonsa. Det er gløymd dei to siste åra.
2. Annonsering av to små stillingar har vore ute sidan 18. mai. (sjå vedtak frå AU i eigen sak). Søknadar er mottekne og PU har lagt plan for utveljing og intervju.
 3. Invitasjon til Gullkonfirmantar (1966 og 1967) vart sendt ut 23. mai. Festen er 15. oktober i Kviteseid. Misjonshuset er bestilt. (kopi ligg ved)
 4. Årsmøte for prostidiakonatotet vart halde i prestegarden i Nissedal søndag 23. april. Frå Kviteseid vart Eli Rognsvåg vald inn i styret, og Astrid Tveten i valnemnda. (Ref. låg ved innkallinga)
 5. Vår nye sokneprest startar gjerninga som prest her i Kviteseid i august og kan likevel halde gudstenester og eventuelle gravferder frå dag ein. Berre vigsel må vente til etter at ho sjølv er vigsla til prest (20. august). Plan for dei fyrste vekene: 6.8.: Kviteseid, 13.8.: Kilen, 27.8.: Kviteseid gamle kyrkje. Innsetjing som prest for Kviteseid vert i Kviteseid kyrkje søndag 3. september, etterfylgt av velkomstfest på Misjonshuset.
Komité: Hans Kristian Aabø og Vidar Syrtveit Mikalsen. Dei får med seg et par andre utanom.
 6. 20.8. takkar kyrkjelyden Rune Lia for tenesta han har hatt her i 17 månader. Då er det Landstad-gudsteneste der Rune forrettar, Torleiv Austad talar. Det vert kyrkjekaffi og sal av lapskaus, før eit kåseri om Landstad sitt virke i Kviteseid.
 7. Marit Gotuholt (og andre) informerte om føreståande arrangement:
 - a. **24.6.:** Jubileumskonsert med Olav Mosdøl i Kviteseid kyrkje kl 15.00
 - b. **4.7.:** Operagutta, konsert i Kviteseid kyrkje tysdag kl 19.30
 - c. **18.-20.8.:** Landstadhelg (i samarbeid med Seljord Fellesråd og Landstadsenteret). Sjå eige program i neste Kyrkjelydsblad.:
 - i. 18.8.: Konsert i Brunkeberg kyrkje
 - ii. 19.8.: Foredrag på Nutheim
 - iii. 20.8.: Kåseri om 'Landstad i Brunkeberg', etter gudstenesta i Kviteseid gamle kyrkje
 - d. **17.9.:** Felleskyrkjeleg sangmøte kl. 16.00 med Hilde Svela, Fredheimkoret (og Soulchildren?)
 - e. **12.11.:** Jan Haugen mfl. konsert i Kviteseid kyrkje kl 19.00
 - f. **10.12.:** Emil Solli-Tangen konsert i Kviteseid kyrkje kl 19.00
 - g. **17.12.:** Den årlege JULEKONSERTEN i kyrkja
 8. Godhetsveka 2017 er opp summert med berre gode tilbakemeldingar frå arrangørane, helperane og mottakarane. 31 oppdrag, 60 engasjerte frå alle menighetene, ca. 250 dugnadstimer.
 - a. Ynskje for neste år: 2 representantar frå kvar menighet

	<p>b. Dato for 2018: torsdag 3/5 til onsdag 9/5 med godhetsgudsteneste på Kristi Himmelfartsdag 10/5</p> <p>9. Trefelling på kyrkjegarden i Kviteseid er ferdig (og gjort for fleire 10-år), men har kosta meir enn forventta.</p>	
Sak 40/17	Rekneskapsrapport januar-april 2017	KS
	<p>Rekneskapsrapport frå vår kommunal rekneskapsfører for dei 4 fyrste månadene av 2017 vert gjennomgått av kyrkjevevja under møtet.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Rapporten sendast ut så snart den føreligg, seinast til møtet.</p> <p>Kyrkjevevja si innstilling: Soknerådet tek orienteringa til vitande</p> <p>Handsaming under møtet: Kyrkjevevja la fram rapporten og meinte den var i trå med budsjett og forventningar, og at det ikkje var avvik verd å merke seg på nokon punkt.</p> <p>Rapporten leggjast ved referatet.</p> <p>Vedtak: soknerådet tek orienteringa til vitande.</p>	
Sak 41/17	Referat frå møte i AU 16.05.2017	HKA
	<p>AU var innkalla til møte 16.05.2017 for orientering og handsaming av 3 saker: <u>Orientering:</u> Sekretær ved kyrkjekontoret er av kyrkjevevja innvilga permisjon i 12 månader frå sommar 2017 til 2018.</p> <p><u>Handsaming:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kyrkjevevja er innvilga mellombels auke i si stilling frå 80 til 100 % i sekretæren si permisjonstid. 2. Det vert vedteke å lysa etter ein sekretær i 15 % mellombels stilling i eitt år 3. Forhold rundt lysing av stillinga som trusopplærer vart drøfta. <p>Vedtaka her fører berre til mindre justeringar på nokre budsjettpostar og krev derfor ikkje ein ny revisjon av budsjettet etter det som vart vedteke 26.4.2017.</p> <p><i>Vedlegg: Referat AU 16.05.2017</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet tek vedtaka frå arbeidsutvalet (AU) 16.05.2017 til vitande.</p> <p>Vedtak: Soknerådet tek vedtaka frå arbeidsutvalet (AU) 16.05.2017 til vitande. Soknerådet ynskjer samstundes å takka Svanhild for godt utført arbeid den tida ho har vore tilsett. Vi ynskjer henne lukke til med nye arbeidsoppgåver og håpar samstundes at ho kjem tilbake etter eit års permisjon.</p>	
Sak 42/17	Aktuelle saker frå soknepresten	RL
	<p>Rune Lia orienterte kort om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • eigen og vikarars teneste i Kviteseid sommaren 2017 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Overlapping med Møyfrid • Føreståande konfirmantleir i <i>Ønsket og Elsket</i> 26/6-1/7. Det vert 19 konfirmantar neste år. 17 av dei reiser på leiren på Gjennestad no. • 7 av årets konfirmantar deltek som leiarar på leiren, og startar med leiaropptrening for minst eit år (2 leirar mm. Sjå neste sak) <p>Soknerådet tek orienteringa til vitande.</p>
Sak 43/17	Orientering om arbeidet 'Ønsket og elsket'
	<p>Ungdomsprest i Seljord, Petter Jakobsen kjem til møtet ein gong etter kl 19.00 og orienterar om arbeidet som gjerast i prostiet for våre ungdomar gjennom programmet 'Ønsket og elsket'. Det er vårt tilbod om trus opplæring til denne aldersgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva slags tilbod vert gjeve? (til konfirmantar og åra etter) • Korleis er tilbakemeldingar? • Kor stor er oppslutninga frå Kviteseid og dei andre stadane? <p><i>Vedlegg: Infoark.</i></p> <p>Orientering og to filmsnuttar ved Petter Jakobsen:</p> <p><i>Ønsket og elsket (Ø&E) er ein del av vårt trusopplæringsarbeid, eit samarbeid som famnar heile prostiet, og består av dei to hovudgreinene: 1. Konfirmantopplæring og 2. Leiartrening.</i></p> <p><u>KONFIRMANTOPPLÆRINGA</u> inneheld fylgjande samlingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kick-off for 8. trinn en laurdag i april (NYTT frå 2017)</i> • <i>Konf.-leiren i veke 26 på Gjennestad VGs. (for Kviteseid og andre, veke 32 for resten av prostiet). Dette er 50% av konf.opplæringa</i> • <i>Konf.undervisning lokalt gjennom frå haust til vår</i> • <i>Konf.treff i Seljord på våren før konfirmasjonen</i> <p><u>LEIARTRENINGA:</u></p> <p><i>75 ungdomar er pr i dag leiarar og 'server' våre konfirmantar. Programmet og tilbodet for desse er fylgjande:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Leiarkurs under sommarleiren fyrste sommar etter eigen konfirmasjon</i> <i>Vi har 7 frå Kviteseid no. Dei forpliktar seg til å være med i eitt år.</i> • <i>Leiarsamling i september med evaluering av sommarleirane</i> • <i>'Happening' i sept/okt. for 3.-5. års leiarane (NYTT hausten 2017)</i> • <i>1. og 2. års-leiar-tur til Hjordal i november</i> • <i>3. års leiar-tur til Sverige</i> • <i>4.-5. års leiar-tur utanlands etter nyttår (NYTT kommande vinter)</i> • <i>Sosial kveld i januar (frivillig å delta)</i> • <i>Leiar-leir ein helg om våren for alle leiarane samla til Gjennbu/Lifjell</i> • <i>Workshop/samling før leir</i> • <i>Eigen Ø&E-camp på Skjærgårds Music & Mission festival (deltakarane betaler fullt. Noen menigheter sponsar)</i>

	<p><u>Økonomien i Ø&E:</u> Konfirmantane i Kviteseid betaler ein eigenandel på kr 3000 for konf.året. (Leiren aleine kostar kr 2600.) Ø&E har fleire inntekter av kioskdirift og sponsorar som gjer at leiarane berre betalar kr 250 pr. leir for kost og losji. Dagskurs får dei gratis. All reise til leir og dagsarrangement må deltakarane betale sjølv. Nokre meingheter sponsar eller arrangerer fellesreis. Menighetene betalar redusert pris for leiarane (fordi for kvar 7. deltakar, går ein leiar gratis. (Sjå totalt rekneskap 2016 og budsjett 2017 for alt trusopplæringsarbeidet, var vedlagt til neste sak).</p> <p><u>Kva Ø&E IKKJE gjer eller er:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Driv ikkje lokalt arbeid, men dei unge kan sjølvsgt inviterast til deltaking. Server ikkje lokale menigheter med ungdomsleiarar. • 'Stjeler' ikkje ungdommane frå lokalt ungdomsarbeid. • Bruker ikkje fellesressurser frå prostiet til å drive eige ungdomsarbeid i Seljord. • Skapar ikkje ein motpol til kyrkja lokalt. <p>Soknerådet hadde nokre spørsmål og kommentarar, og takka for den gode orienteringa.</p>		
Sak 44/17	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 80%;">Fast utvida stilling for ungdomsarbeidar i prostiet.</td> <td style="width: 20%; text-align: right;">HKA</td> </tr> </table>	Fast utvida stilling for ungdomsarbeidar i prostiet.	HKA
Fast utvida stilling for ungdomsarbeidar i prostiet.	HKA		
	<p>Kviteseid sokneråd har innarbeida i sine budsjett for 2016 og 2017 støtte til ei lita mellombels stilling på 30 % som ungdomsarbeidar i 'Ønsket og elsket' for hausten 2016 og våren 2017. Alle fellesråda og sokneråda i Øvre Telemark prosti deler på stillinga, og Kviteseid si del vart i 2016 kr 6100. Kostnadane for jan.-des. 2017 er kr 5825. Dette svarar til om lag 6-7 % av stillinga.</p> <p>Frå kyrkjevevrelaget i prostiet er det ytra ynskje om at denne stillinga gjerast fast, men det er opp dei lokale fellesråda og sokneråda. Dei som i dag arbeidar med 'Ønsket og elsket' meiner at det til fullt utbygd program, trengs ein 50 % stilling. Sokneråda oppmodast til å handsama saka med tanke på ei avtale om fast samarbeid om ei fast/oppseieleg stilling frå 1. oktober 2017. Dei faste kostnadane frå 2018 vert då om lag kr 20.000 kvart år.</p> <p>Forslag til samarbeidsavtale ligg innbakt i dei vedlagde sakspapira.</p> <p>Greier Kviteseid dette økonomisk? Med tanke på denne stillinga, og vår eiga nyoppretta stilling som trusopplærar, har kyrkjevevrelja utarbeida eit ark med detaljert rekneskap for 2016 og budsjett for 2017 for alt trusopplæringsarbeidet i Kviteseid sokn. (Tidlegare utsendt rekneskap synte ikkje heile biletet. Begge ligg ved.) Det siste syner at vi greier begge stillingane viss vi reknar med offer til trusopplæringsarbeidet og framleis har kyrkjelydsbasar.</p> <p><u>Vedlegg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Rekneskap for trusopplæringsmidler 2016 • Trusopplæring Rekneskap 2016 og budsjett 2017 • Saksutgreiing ungdomsarbeidar ØNSKET og ELSKET 		

	<p>Kyrkjeverja si innstilling: Soknerådet ynskjer å halda fram med det gode samarbeidet om konfirmant- og ungdomsarbeidet samarbeid mellom fellesråda og sokneråda i Øvre Telemark Prosti. Soknerådet godkjenner avtala slik den er framlagd til møtet.</p> <p>Vedtak: Kyrkjeverja si innstilling vart samrøystes vedteke. Soknerådet ynskjer å halda fram med det gode samarbeidet om konfirmant- og ungdomsarbeidet Ønsket & Elsket som eit samarbeid mellom fellesråda og sokneråda i Øvre Telemark Prosti. Soknerådet godkjenner avtala slik den er framlagd i sakspapira til møtet.</p>
Sak 44/17	Eventuelt
	<p>Før neste møte skal PU ha intervju av søkjarar til nye stillingar og koma med innstilling til AU. AU må samlast for å gjere vedtak om tilsetjing av trusopplærar og sekretær.</p> <p>Takkebøn v/Rune Lia. Avslutta med eit felles Fader Vår. Rune takka for tida i Kviteseid, og vart sjølv takka.</p> <p>Neste ordinære møte i soknerådet vert etter tidlegare vedtak 30. august 2017. (Kaffimat ved Håkon) Deretter 4. oktober og 29. november 2017</p>